

Eksamensinstruks – munnleg eksamen i framandspråk (tysk, fransk og spansk) med inntil 48 timars førebuing.

Eksamen er delt i tre hovuddelar:

Lytte delen av eksamen skal gjennomførast felles.

Dei to siste delane, munnleg produksjon og munnleg samhandling, blir gjennomført individuelt og varer inntil 20 minutt.

Lytteforståing – 20% av karakteren (individuell, men i samla gruppe).

- Lytteoppgåva blir gjennomført i gruppe på starten av prøvedagen.
- Før me startar, får elevane utdelt eventuelle spørsmål og vite kor mange gongar dei får høyre lytteteksten.
- Spørsmåla er på norsk og elevane svarar på norsk. Elevane kan få oppfølgingsspørsmål under den ”Munnlege produksjonen”.
- Svara vert samla inn og levert til eksaminator og sensor. Eksaminator kan assistera senior med retting dersom dette er ønskeleg.

Munnleg produksjon – 40% av karakteren (individuell)

- Kvar elev får inntil 10 minutt til å leggja fram resultatet av arbeidet i førebuingdelen. Presentasjonen kan avbrytast når faglærer/sensor ser at eleven(ane) ikkje får vist sitt beste.
- Presentasjonen bør ikkje lesast opp frå eit ferdigskrive manus, men framførast munnleg med utgangspunkt i ein kort disposisjon eller ei momentliste.
- Disposisjonen/momentlista kan leggjast fram for faglærer og sensor.
- Sensor kan ikkje be eleven leggja bort notatarka.
- Tavla, lysark, IKT, bilete eller gjenstandar bør brukast for å illustrera stoffet. Dersom teknisk utstyr/internett sviktar, må likevel eleven vera klar til å presentera oppgåva.
- Skulle ein av elevane i eit par/gruppa bli sjuk, må heile oppgåva framførast av resten av paret/gruppa.
- Eleven(ar) kan få melding når det er eitt minutt att av presentasjonstida og får deretter 1-2 minutt til å avslutta presentasjonen.

Oppfølgingssamtale

- Sensor kan stilla oppfølgingsspørsmål på målspråket.
- Målet med samtalen er å sikra at karakteren blir sett på basis av den individuelle kompetansen til kvar elev slik han kjem fram på eksamen.

Munnleg samhandling – 40% (individuell)

- Eleven(ane) trekkjer eit tema for munnleg samhandling.
- Eleven(ane) må visa at han/ho kan lytta/forstå og uttrykkja seg på målspråket.
- Intern sensor er samtalepart både individuelt og i par.
- Intern sensor vil kunna hjelpa eleven framover i samtalen.
- Ekstern sensor kan koma med spørsmål og eller delta i samtalen om han/ho ynskjer eller finn det naudsynt.
- Samtalen er på målspråket og kan vara inntil 10 min p.r. elev.

Vurdering

- Eleven må kjenna til vurderingskriteria på førehand.
- Om det gjennom drøfting av prestasjonen kjem fram moment som gjer det vanskeleg for sensor å ta ei endeleg avgjerd om karakteren, kan eleven(ane) kallast inn att. I par/gruppe skal alltid begge/alle deltakarar kallast inn på nytt. Dette skal skje straks – før karakteren vert fastsett.
- Vurderinga skal vera individuell – ikkje grupperelatert. Det er læreplanens mål som er utgangspunkt for vurderinga. Det ikkje høve til noko form for samanlikning mellom grupper. Karakteren skal setjast før neste elev(ar) startar.
- Sensor og faglærer drøftar presentasjonen. Dersom dei ikkje vert samde om karakteren, er det sensor som tek den endelege avgjerda om karakter.
- Kvar einskild elev får opplyst karakteren sin med grunngjeving etter at elevane har presentert oppgåvene sine, dvs. rett før lunch og ved slutten av dagen.